



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
19/23	Tenesteutval for oppvekst og kultur	07.06.2023
39/23	Kommunestyret	22.06.2023
18/23	Ungdomsrådet	07.06.2023

Tilstandsrapport, sektor oppvekst 2022

Samandrag:

Sektor oppvekst legg med dette fram ein samla tilstandsrapport for barn og unge. Rapporten er skriva utifrå overskriftene strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet. Det er lovheimla at barnevernstenesta overfor kommunestyret årleg skal gjere greie for tilstanden i tenesta (bvl § 2-1, åttande ledd). For grunnskuleområdet er det og heimla i lov at ein skal legge fram ein rapport for kommunestyret, der rapporten skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø (oppl.love § 13-3e). For barnehageområdet og helsestasjonstenesta ligg det pr i dag ikkje liknande lovkrav om å rapportere på tilstanden, men ein vurderer det likevel som hensiktsmessig at ein ser heile sektoren sine tenesteområde i heilskap.

Kommunestyret 22.06.2023

Behandling:

Tilleggspunkt, foreslått av Silje Louise Dahl, Sosialistisk Venstreparti

Kommunestyret ber om at det i neste års tilstandsrapport for barn og unge også blir rapportert på kvalitet i SFO-tilbodet.

Per Larsgård Steinsvik (SP) fekk permisjon kl. 15.20 og vara Svein Magne Homberset Sjøstad (SP) tok sete.

Kommunalsjef oppvekst Per Ivar Kongsvik, konstituert leiar i PPT Randi Lyngje Ottesen og folkehelsekoordinator Mona Helen Kile orienterte.

Hans Peter Eidsefot (SP) fekk permisjon kl. 16.00, vara Lise Ekros (SP) tok sete.

Henning Holsvik (Krf) fekk permisjon kl. 16.05.

Thore Heggen (H) fekk permisjon kl. 16.05.

Røysting (28 røysteføre):

Framlegget frå Silje Louise Dahl (SV) vart samrøystes vedtatt.

Innstillinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur vart samrøystes vedtatt.

KST - 39/23 Vedtak

Tilstandsrapporten for barn og unge vert teken til vitende, med følgjande tillegg:
Kommunestyret ber om at det i neste års tilstandsrapport for barn og unge også blir rapportert på kvalitet i SFO-tilbodet.

Ungdomsrådet 07.06.2023**Behandling:****UNG - 18/23 Vedtak****Tenesteutval for oppvekst og kultur 07.06.2023****Behandling:**

Rektorar i skular og styrarar i barnehagar var tilstades i saka.
Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte.

TOK - 19/23 Vedtak**Tenesteutval for oppvekst og kultur si tilråding til kommunestyret:**

Tilstandsrapporten for barn og unge vert teken til vitende.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tilstandsrapporten for barn og unge vert teken til vitende.

Vedtak som innstilling frå Tenesteutval for oppvekst og kultur, 07.06.2023 - 19/23

Tenesteutval for oppvekst og kultur si tilråding til kommunestyret:

Tilstandsrapporten for barn og unge vert teken til vitende.

Vedtak som innstilling frå Kommunestyret , 22.06.2023 - 39/23

Tilstandsrapporten for barn og unge vert teken til vitende, med følgjande tillegg:

Kommunestyret ber om at det i neste års tilstandsrapport for barn og unge også blir rapportert på kvalitet i SFO-tilbodet.

Vedlegg:

Hovuddokument_Tilstandsrapport_2022

Saksopplysningar:

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skuleeigar pliktar å årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i opplæringa. Det er vidare fastsett i Volda kommune sitt forsvarlege system, pkt 4.4, at kommunedirektøren har ansvar for å førebu eit politisk saksframlegg der tilstandsrapporten er grunnlaget for saksframlegget. I kommuneloven § 25-1, vert det sagt at kommunar og fylkeskommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd, for å sikre at lover og føreskrifter vert følgde. Denne rapporten er frå kommunedirektøren si side ein del av det å oppfylle lovkravet i kommunelova sin ordlyd.

Det er og heimla i opplæringslova § 13-3e at det årleg skal leggjast fram ein rapport for kommunestyret. Rapporten skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

For barnevernstenesta er det lovheimla at ein til kommunestyret årleg skal gjere greie for tilstanden (bvl § 2-1, åttande ledd).

Den samla rapporten for heile oppvekstområdet skal gi kommunestyret som eigar av tenesta eit godt bilete av tilstanden. Det er frå administrasjonen si side viktig å gi det øvste beslutningsorganet eit så godt grunnlag som mogleg, når ein skal gjere sine prioriteringar og vedtak.

Rapporten sentrerer rundt omgrepa strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet. Desse omgrepa er forklart og konkretisert i sjølve rapporten

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer at rapporten gir eit godt, samla bilete av tilstanden i sektor oppvekst. Det er viktig med slik systematisk attendemelding til politisk nivå. Rapporten gir også god oversikt over tenestene og kvar administrasjonen må ha fokus på forbetringstiltak. Rapporten er offentleg og bør vere interessant for foreldre og pårørande, samt innbyggjarar elles.

Samla sett vert det ytt gode tenester på oppvekstområdet i Volda kommune. Det er forbetningsområde som det vil verte knytt tiltak opp mot framover. Det er viktig at ein somkommune leverer gode tenester på dei lovfesta områda. Dette er kommunen sine primær oppgåver. Engasjerte og kompetente medarbeidarar er viktigaste innsatsfaktoren for at det står så bra til i sektoren. Prioriteringa av tenestene ligg til det politiske nivået. Gode faktagrunnlag og analyser er viktig både for å vurdere utviklinga og som grunnlag for politiske avgjerder. Kommunedirektøren er på vegne av administrasjonen stolt av å kunne leggje fram eit heilskapleg tilstandsrapport for dei samla tenestene overfor barn og unge. Dette er viktig og fleire kommunar vil nok sjå til Volda og kome etter.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ingen

Konsekvensar for folkehelsa:

Ingen

Miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Rapporten i seg sjølv har ingen økonomiske konsekvensar, men kommunestyret kan nytte rapporten til å gjere sine økonomiske prioriteringar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Konsekvensar for barn og unge:

Ingen

Har eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd fått saka til uttale?

Saka har vore til handsaming i ungdomsråd.

Rune Sjurgard

Kommunedirektør

Utskrift av endeleg vedtak: